



# Sirdal kommune

Sinnes skule

Medlem i SMU Sinnes

DERES REF:	VÅR REF:	SAKSBEHANDLER:	ARKIVKODE:	DATO:
	14798/2015 - 2012/450	Åse-Berit Fidjeland	A20	04.11.2015

## REFERAT SMU-MØTE 26.10.15

Til stades: Gro Nilsen, Birgitta Tjørhom, Tore Inge Tjørhom (for Kari Andersen), Geir Hovland, Roger Grubben, Tøri Ådneram, Erik Kvæven, Lena Bøgwald (for Anders Tjørhom), Hilde Sinnes, Magne Tjørhom og Åse-Berit Fidjeland

Meldt forfall: Kari Andersen og Anders Tjørhom

### Sak 8/15: Konstituering av SMU 2015/16 med val

Leiar: Anders Tjørhom  
Nestleiar: Gro Nilsen  
Sekretær: Åse-Berit Fidjeland

### Sak 9/15: Kva er eit godt skulemiljø?

Det står om oppgåvene til skulemiljøutvalet m.m. på nettsida

[http://www.udir.no/Upload/Laringsmiljo/brosjyrer/skulemiljoutvalg\\_nynorsk.pdf?epslanguage=no](http://www.udir.no/Upload/Laringsmiljo/brosjyrer/skulemiljoutvalg_nynorsk.pdf?epslanguage=no).

Skulemiljøutvalet skal arbeida med fysisk og psykososialt miljø, og tek nokon kontakt om mobbing eller trakassering, har skulen plikt til å laga ein plan for korleis dette kan betrast, kalla §§9a. Dette vedtaket kan foreldre/føresette klaga på, men ein del av planen er å observera kva som skjer, og då treng skulen to-tre veker, sjølv om det kan virka som lenge. Skjema ligg på heimesida.

Foreldra meiner det er eit godt skulemiljø for dei minste når dei byrjar på Sinnes skule, for dei veit kven som blir læraren deira, og det er få, og dei same, vikarane. Det er trygt og godt.

Skulen har plan for godt skulemiljø, der rektor meiner det viktigaste er førebygging, og der m.a. felles overnattingstur er ein del av dette. Foreldre-representantane meiner felles turar er samlande. Rektor minner på at haustsamlinga er eit samarbeid heim-skule, og ein del av det førebyggjande arbeidet for eit godt skulemiljø. Undersøkingar viser at det er vanskelegare å vera stygge med andre om ein veit at foreldra kjenner kvarandre og at læraren og foreldra kjenner kvarandre, og kan ta kontakt. Då er det viktig at alle partar er med på haustsamlinga, sjølv om det er med dei eldste elevane, for det er lettare å ta kontakt om noko negativt skjer.

Det er tid for foreldrekonferansar, og der er det ønskjeleg at elevane er med, slik at alle partar høyrer det same og alle partar kan uttala seg der og då.

Elles gjennomfører skulen Elevundersøkinga (Udir) kvar haust og trivselsundersøkinga kvar vår. Elevundersøkinga er anonym og obligatorisk for 7. og

10. klasse, og tar for seg m.a. trivsel, medråderett og vurderingsmåtar. Det er bestemt at alle, både elevar, foreldre/føresette og lærarar skal vera med på denne kvart tredje år. Det var dårleg deltaking både frå foreldre og lærarar sist, så det må me gjera noko med neste gong, dvs. neste år. Trivselsundersøkinga er ikkje anonym, og det kjem fram kven som blir mobba/trakassert og ev. kven som mobbar/trakasserer, sik at skulen kan ta dette opp med dei det gjeld. Det er dessverre ikkje like høg deltaking blant ungdomsskuleelevane som blant yngre.

Sidan SMU-representanten ikkje var med på saka om uteområdet i SU, spurde han om sandvolleyballbanen og manglande nett der, og at dekket i ballbingen er glattare enn tidlegare. Sandvolleyballbanen skal skjermast med levegg, og då skal nettet vera oppe både på kveldstid og i helger. Dekket i ballbingen skal vera glattare, slik at ein ikkje får bråstopp, og kan skada anklar o.l.

**Sak 10/14: Plan for arbeidet framover**

- a) Kort om ordensreglane, der det nye er meir om konsekvensar ved ev. brot.
- b) Det vart ikkje utarbeidd ein møteplan, men på neste møte vert det ein kort gjennomgang av Elevundersøkinga i 10. klasse.

**Nytt møte:** 24. november kl. 08.45 - 09.50